EMNERAPPORT VÅR 2026

NORAN250 Fordjuping i norsk som andrespråk med bacheloroppgåve

Faglærar si vurdering av gjennomføring:

Praktisk gjennomføring
Fire studentar var i utgangspunktet oppmelde til emnet, tre av dei fullførte (dvs skreiv bacheloroppgåve og gjekk opp til munnleg eksamen). Tre av dei oppmelde studentane var i full jobb ved sidan av studiet, og faglærar tilbydde difor å flytta undervisninga til ettermiddag (16-18), noko som blei vel mottatt, og som så blei gjennomført i samråd med den eine studenten som i utgangspunktet kunne følgja undervisning på dagtid. Det viste seg likevel vanskeleg å samla alle til dei 8 undervisningsøktene på ettermiddagstid, m.a. pga jobbrelaterte aktivitetar (møte, reiser m.m).

Undervisning
Det blei tilbydd 8 dobbelttimar undervisning i tråd med Instituttets retningsliner for redusert undervisningstilbod når det er færre enn 5 oppmeldte studentar. Faglærars vurdering er at dette er for få timar til å kunna gi adekvat undervisning for eit omfattande 15 poengs emne på 200-nivå. Det blei oppretta emneside på Mitt UiB. Powerpointpresentasjonar frå førelesingar og andre ressursar -som «leseguidar» for pensum - blei publisert under Filer. Alle undervisningstimane blei gitt av emneansvarleg.

Rettleiing av bacheloroppgåve
I emnebeskrivelsen under Arbeids- og undervisningsformer står det m.a. «Rettleiing av skriving av bacheloroppgåv». Det er ikkje nevnt noko om antall rettleiingstimar. Faglærar har såleis berre mal for arbeidstidsreknskap å halda seg til, der bacheloroppgåve går under same faktor som semesteroppgåve med 1-3 timar per kandidat. Underteikna meiner denne faktoren er altfor låg til å kunna gi adekvat rettleiing (i sjølve arbeidstidsreknskapen er det berre mogeleg å føra 2 timar per kandidat). Emneansvarleg rettleidde to av bacheloroppgåvene medan ein stipendiat med spisskompetanse på det valde temaet rettleidde éi av oppgåvene.

Strykprosent og fråfall
Det var fire oppmeldte studentar. Ein student falt frå heilt i begynnelsen av semesteret utan å oppgi årsak til dette (vedkomande møtte aldri på undervisning). Av dei tre som fullførte var det ingen stryk.

Karakterfordeling:
Karakter på bacheloroppgåva: B: 1 kandidat, C: 2 kandidatar.
Karakterar på munnleg eksamen: A: 1 kandidat; B: 1 kandidat, C: 1 kandidat
Samla karaktarerar: B: 2 kandidatar; C: 1 kandidat.
Det er kome inn ein klage på karakter på éi bacheloroppgåve (ikkje handsama per d.d.)

Studieinformasjon
Informasjon frå emneansvarleg/faglærar (utanom undervisningsøktene) blei sendt delvis som kunngjering på Mitt UiB og delvis som E-post. Det blei vald E-post som kanal i somme høve for å vera sikker på å nå studentane raskare med beskjedar, og ein måtte også av og til ty til privat e-post-adresse då ikkje alle regelmessig sjekka UiB -E-posten sin.

Tilgang til relevant litteratur
Studentane hadde tilgang til pensumliste i Digital Litteraturliste på Mitt UiB. Pensum bestod av éi bok (som kunne kjøpast på Akademika) og diverse bokkapittel og artiklar som var elektronisk tilgjengeleg ved open tilgang eller som digitaliserte utdrag med lenke i Litteraturlista.

Faglærars vurdering av rammevilkåra

Lokaler og undervisningsutstyr
Vi fekk tidelt eit lyst og fint undervisningsrom (HF 265), men undervisar kunne ha ønska at det var stasjonær datamaskin i rommet.
Undervisninga var lag til 16-18, men ved eit par høve var det aktuelt å legga til ein time sidan undervisninga hadde blitt avlyst eit par gonger pga berre éin frammøtt student. Å utvida undervisningtida viste seg problematisk den eine gongen tidleg i semesteret fordi lyset i dette rommet automatisk slår seg av kl 18 (dette har også blitt nevnt som eit problem av andre som har brukt rommet).

Andre forhold:
Emneansvarleg har erfart svært god studieadministrativ støtte frå ansvarleg studiekonsulent, både ved gjennomføring av kurset, ved eksamen og sensur og ved gjennomføring av studentevaluering.

Faglærars kommentarar til student-evalueringa

Metode og gjennomføring

Evalueringsskjema blei sendt ut til studentane etter at sensur på bacheloroppgåvene var blitt kunngjort og etter munnleg eksamen.

Det blei via studiekonsulenten sendt ut digitalt spørjeskjema med desse spørsmåla

1)
Har fulgt undervisning regelsmessig
Har vært på undervisningen noen få ganger
Har ikke fulgt undervisning

Hvis du ikke har fulgt undervisning eller bare har vært til stede få ganger,
si gjerne noe om årsaken til dette.

2) Hva synes du om omfanget av pensum?
For stort
Passe
For lite
Andre synspunkt på pensum?

3) Hva synes du om omfanget av undervisning?
For mange timer
Passe
For få timer

4)Hva synes du om innholdet i kurset?
Har du fått ny innsikt i forhold til hva du hadde lært på 100-nivå?

5) Hvordan opplevde du skriving av bacheloroppgaven?

6) Er det noe ved kurset du er spesielt godt fornøyd med?

7) Er det noe du ville forandret ved dette kurset?

8) Ville du anbefale dette kurset til andre studenter?

9) Har du kommentarer til opplegget ved muntlig eksamen?

10) Andre kommentarer

Oppsummering av innspill

Alle dei tre studentane sendte inn svar på spørsmåla i idet utsendte spørjeskjemaet.

Omfang av pensum: To studentar svarte «Passe». Ein student svarte at pensumet «ble opplevd som noe stort i sammenheng med oppgaveskrivingen». Faglærar finn denne kommentaren viktig å ta med til seinare semester. Emnet NORAN250 har gjennom fleire år som regel hatt ei ordning der studentane -innanfor dei 1000 vekta pensumsidene -legg opp eit særpensum på 250-300 sider som støttar opp under bacheloroppgåva. I og med at ein har

late studentane stå nokså fritt til å velja tema for oppgåva, hender det at særpensumet skil seg ein del frå innhaldet i fellespensum.

Omfang av undervisning: To av studentane svarar at dei finn omfanget av undervisningstilbodet passe, medan éin student svarar at det var for få timar.

Innhaldet i kurset /ny innsikt? Studentane svarar her «interessant og lærerikt» og «kanskje litt avansert». To av studentane rapportrer at dei har fått ny innsikt («Har fått mye mer innsikt enn det jeg hadde på 100-nivå», «De større linjene ble tydeligere og lettere å gripe»). Dette er positive tilbakemeldingar, men ein bør også merka seg kommentaren frå studenten som antyder at innhaldet kan opplevast som noko avansert, og dette bør også sjåast i samanheng med kor mykje undervisning emnet krev (jf svaret frå ein student som meiner det blei gitt for få timar undervisning).

Skriving av bacheloroppgåva: Her kommenterer studentane «Interessant og gøy!»; «For lite antall ord som gjør det vanskelig å fordype seg»; «Intenst og lærerikt». Det framgår av dette at studentane har positive erfaringar rundt skrivinga, men det er også verd å merka seg at ein student opplever semesteroppgåveformatet på 5000 ord som for lite for ei bacheloroppgåve. Kommentarane tyder på at ordninga med 250-300 sider individuelt særpensum også kan ha hatt positiv effekt, sjølv om den eine studenten opplever det samla pensumet som noko stort i samband med skrivinga av bacheloroppgåva.

Opplegget til munnleg eksamen: To av studentane uttrykker at dei er nøgde med opplegget; «Den var bra organisert», «Godt opplegg». Ein student har ikkje noko å kommentera vedr munnleg eksamen.

Generelt (basert på spørsmål 6), 7) og 8)).
På spørsmål 6) svarar éin student at hen er særleg nøgd med «omfamnsrikt og lærerikt pensum»; og to studentar trekker fram undervisar og rettleiarar og måten dei er blitt møtt på av lærarane, inkluder når det gjeld fleksibilitet i høve til undervisningstidspunkt.

På spørsmål 7), som emneansvarleg ser som eit av dei viktigste spørsmåla i ei evaluering, nevner ein student at temaa for førelesingane kunne ha blitt presentert noko tydelegare. Dette kan ha å gjera med at ein pga få undervisningstimar opererte med noko breide temaoverskrifter. Men kommentaren er nyttig i arbeid med forbetring av kurset. Den same studenten kommenterer også at det ikkje alltid var lett henta fram tidlegare kunnskap frå 100-nivå - som NORAN250 bygger på- sidan 100-nivå-kurset for denne studenten låg tre semester tilbake i tid (jf at studenten truleg har tatt studiet over tid ved sidan av jobb). Dette synest å vera ein interessant kommentar i lys av det nye studieløpet på HF der spesialiseringa med bacheloroppgåve ikkje kjem før i 6.semester.
-Ein annan student kommenterer at «Det oppleves på en måte som to fag i ett». Denne opplevinga er truleg knytt til det som før er nevnt om at det ikkje er krav om at temaet for bacheloroppgåva skal vera godt forankra i fellespensum, men at ein får legga opp eit individuelt særpensum på 250-300 sider som skal støtta opp under oppgåva. Det er mogeleg denne ordninga bør revurderast, slik at studentane kan oppleva faget som meir heilheitleg.
-Den tredje studenten skriv «Større fokus på bachelooppgaven og mindre på muntlig eksamen». Det er litt uklart kva som ligg i dette i og med at i dagens vurderingsordning tel bacheloroppgåva 2/3 og munnleg eksamen 1/3. Men svaret kan kanskje også tolkast som ein

kommentar til kurset meir generelt, der fellespensum, som er det som er gjenstand for undervisning på kurset, først og fremst blir testa på munnleg eksamen.

På spørsmål 8 svarar alle tre studentane at dei ville anbefala kurset til andre. Ein student legg til «samtidig som jeg ville ha påpekt at det er noe intenst og krevende».

Som det framgår utrykker dei tre studentane jamnt over at dei var nøgde med NORAN250 vår 2026. Dei kjem også med nyttige kommentarar som kan brukast i revidering og forbetring av kurset. Emneansvarleg foreslår at ein med tanke på revidering diskuterer følgjande punkt:

- Tilby meir undervisning til tross for få studentar?
- Valfridom vs meir spissing og fordjuping når det gjeld tema?
  -Justera ordninga med fellespensum og særpensum?
  -Betre forankring av bacheloroppgåva i fellespensum?
    -

Bergen 1.august 2026
Ingvild Nistov (emneansvarleg)